

Reglement for godtgjersle til folkevalde - Askvoll sokn.

Vedteke i sak FR 2014/76. Dato 04.12.2014

1 Verkeområde.

1-1 Reglementet gjeld for dei folkevalde i Askvoll sokn.

2 Fast godtgjersle

2-1 Leiar og nestleiar i soknerådet får ei fast årleg godtgjersle for vervet.

2-2 Godtgjersla utgjær totalt 3% av årslønn for kyrkjeverja, med fordeling 7/10 til leiar av soknerådet og 3/10 til nestleiar av soknerådet.

2-3 Fast godtgjersle vert utbetalt på slutten av året, seinast 12. desember.

3 Møtegodtgjersle og refusjon for tapt arbeidsforteneste

3-1 Det vert gitt godtgjersle til dei folkevalde for desse organa:

- a) soknerådsmøte
- b) møte i arbeidsutval
- c) møte i kyrkjeleg administrasjonsutval
- d) møte i forhandlingsutval
- e) møte i fagutvala

3-2 Møtande medlemmer og varamedlemmer får ei møtegodtgjersle tilsvarande 0,058% av årslønn til kyrkjeverje per møte.

3-3 Møtegodtgjersle vert utbetalt på slutten av året, seinast 12. desember.

3-4 For dokumentert tap av arbeidsforteneste grunna møte som opplista i pkt. 3-1 vert det utbetalt refusjon etter slike satsar:

- a) For dokumentert tap over 7,5 timar (heil dag) vert det refundert inntil kr 1600,-.
- b) For dokumentert tap under 7,5 timar vert det refundert inntil kr 213,- per time.

3-5 Refusjon for tap av arbeidsforteneste vert berre utbetalt etter innsendt krav.

4 Reiseutgifter

4-1 For reiser i samband med møte som nemnt i pkt. 3-1 får dei folkevalde dekkja reiseutgifter for rimelegaste reisemåte.

4-2 Statens satsar vert lagt til grunn ved utrekning av reiseutgifte ne.

4-3 Utbetaling for dekning av reiseutgifter skjer etter innsendt krav.

5 Anna utgiftsdekning

5-1 Leiar av soknerådet får ei månadleg telefongodtgjersle på kr 100,-.

5-2 Ved eventuell overnatting eller liknande i samband med kurs og konferansar, skjer utgiftsdekning etter avtale med kyrkjeverja.

6 Fortolking og endring

6-1 Soknerådet sitt AU avgjer i tvilstilfelle i høve reglementet.

6-2 Soknerådet kan gjere endringar i reglementet.

7 Reglementet trer i kraft frå 01.01.2015.